



RAPPORTSERIEN 2015/01

*NFR prosjekt 233840 –*  
**Verdiskaping i  
klippfisknæringa 2009-13**

Trond Bjørndal (HiÅ), Nils Arne  
Ekerhovd (SNF) og Marianne T.  
Bjørndal (SNF)

## VERDISKAPING I KLIPPFISKNÆRINGA 2009-13

Av

Trond Bjørndal, Nils Arne Ekerhovd og Marianne T. Bjørndal

Februar 2015

*Nfr prosjekt 233840 –  
Competition, cluster and market analyses  
for the salted cod and salted and dried cod industry,*

### Samandrag

I meir enn 300 år har klippfisk vore ei viktig næring i Noreg. Den norske eksportverdien av klippfisk var i 2013 på ca. 3,1 mrd. kr. Omlag 90 % vart utskipa frå Nordvestlandet. Tek ein med saltfisk, aukar eksportverdien til ca. 3,9 mrd. kr. Samla utgjorde dermed eksporten av klippfisk og saltfisk ca. 6,3 % av total norsk fiskeeksport som i 2013 representerte ca. 61,6 mrd. kr. Næringa er viktig for verdiskaping og sysselsetjing. Sjølv om tyngdepunktet for produksjon er på Nordvestlandet, kjem store delar av råstoffet frå Nord-Noreg, slik at næringa er viktig for verdiskaping og sysselsetjing også der. Likevel er kunnskapen om kva verdiar denne næringa skaper avgrensa. I denne rapporten vert verdiskapinga i den innanlandske verdikjeda for klippfisk, som omfattar fangst, foredling og eksport, analysert for fem års-perioden 2009–2013. Samla verdiskaping inkludert ringverknader auka frå vel 2,9 mrd. kr. i 2009 til knapt 4,3 mrd. kr. 2011, men med ein reduksjon til 3,4 mrd. kr. i 2013. Når ein tek omsyn til ringverknader, var samla sysselsetjing i verdikjeda for klippfisk vel 5.100 i 2013 med 3.300 innan fangstleddet of 1.800 innan foredling og eksport.

## 0. INNLEIING

I meir enn 300 år har klippfisk vore ei viktig næring i Noreg. Den norske eksportverdien av klippfisk var i 2013 på ca. NOK 3,1 mrd. Tek ein med saltfisk, aukar eksportverdien til ca. NOK 3,9 mrd. Samla utgjorde dermed eksporten av klippfisk og saltfisk ca. 6,3 % av total norsk fiskeeksport som i 2013 representerte omlag NOK 61,6 mrd. og omlag 20% av fiskeeksporten utanom oppdrettsfisk. Klippfiskindustrien på Nordvestlandet har over tid utvikla seg til å bli tyngdepunktet for norsk klippfiskproduksjon og eksport. Det er denne næringsklynga av produsentar og eksportørar på Nordvestlandet, med Ålesund som sentrum, som har desidert størst betydning for næringa. Samstundes har andelen som vert produsert andre stadar vorte redusert, ein indikasjon på at det er viktig å vere del av klynga. Sjølv om klippfiskindustrien har opplevd gode år når det gjeld eksport, står næringa likevel overfor fleire store utfordringar som krev meir kunnskap.

Brasil og Portugal er dei viktigaste marknadene for klippfisk. Portugal er viktigaste marknad for saltfisk med Spania som nummer to. Kjøpekrafta og volumet har auka monaleg på etablerte marknader som Brasil. Dessutan kan andre marknader vidareutviklast.

Næringa er viktig for verdiskaping og sysselsetjing. Sjølv om tyngdepunktet for produksjon er på Nordvestlandet, kjem store delar av råstoffet frå Nord Noreg, slik at næringa er viktig for verdiskaping og sysselsetjing også der. Likevel er kunnskapen om kva verdiar denne næringa skaper avgrensa.

Føremålet med denne rapporten er å estimere verdiskaping i klippfisknæringa for fem års perioden 2009-2013. Rapporten er ei oppdatering og vidareføring av Bjørndal, Ekerhovd og Bjørndal (2014) som analyserte verdiskaping for 2009-11. I denne rapporten vert analysen vidareført til 2013. Dette vil verte gjort for den innanlandske verdikjeda. I tillegg vil ein prøve å gje estimat over sysselsetjinga og ringverknader som næringa gjev opphav til.


Rapporten er bygd opp som følgjer. Del ein gjev ei kort oversikt over verdikjeda for klippfisk. I del to vert metoden for måling av verdiskaping presentert. Estimat av verdiskaping og sysselsetjing i næringa vert presentert i del tre. Det vert og gjeve anslag over ringverknader i form av bidrag til brutto nasjonalprodukt og sysselsetjing.

I del fire vert det gjeve ei kort oppsummering, inkludert samanlikning av verdiskaping i verdikjeda for klippfisk med fiskeforedling generelt og Fastlands-Noreg under eitt. Oversikt over føretak i næringa er gjeve i eit vedlegg.

## 1. VERDIKJEDE OG NÆRINGSSTRUKTUR

Klippfisk vert produsert i Noreg, men omtrent heile produksjonen vert eksportert. Fokus for denne analysen er den innanlandske verdiskapinga, slik at me ikkje ser på kva som skjer etter at ferdigprodukta vert eksportert.

Figur 1 viser den innanlandske verdikjeda for klippfisk. Det er tale om tre ledd. Fyrste ledd er fangst av råstoff, i hovudsak torsk og sei, men òg brosme og lange. Denne råvara vert levert som fersk eller frose produkt til foredlingsbedrifter, der fisken vert salta og tørka til klippfisk. Ferdigprodukta vert deretter eksportert, noko som inneber sal og transport. Desse tre delane av verdikjeda kan verte utførte av ulike føretak, med kjøp og sal mellom dei ulike ledda. Alternativt kan to eller jamvel alle tre ledda utførast i same føretak som då er vertikalt integrerte.



Figur 1. Innanlandsk verdikjede for klippfisk.

Ei alternativ verdikjede er salting av fisk som så vert eksportert som saltfisk. Dette produktet kan verte konsumert meir eller mindre direkte. Alternativt kan det verte turka til klippfisk i utlandet som t.d. er tilfellet i Portugal.

### Fangst og produksjon

Noreg kontrollerar store og produktive havområde. Tabell 1 viser fangst av dei viktigaste fiskeslaga nytta i klippfiskproduksjonen (torsk, sei, brosme og lange) landa frå norske farty 2010 – 2013<sup>1</sup>. Torsk er det klart viktigaste fiskeslaget med sei som nummer to. I samanlikning er fangstane av brosme og lange rimeleg avgrensa.

Tabell 1: Fangst av viktige fiskeslag for klippfisknæringa landa frå norske farty 2009 – 2013. Tonn rundvekt.

Fiskeslag	2009	2010	2011	2012	2013
Torsk	243 659	283 481	340 167	357 951	469 933
Sei	202 377	228 114	190 344	176 471	148 403
Brosme	13 763	17 013	14 754	13 439	11 424
Lange	16 716	18 413	15 821	15 724	15 542

Tabell 2 gjev anslag over bruk av råstoff til foredling av klippfisk. Dette er gjort på grunnlag av eksportstatistikken med omrekning til rund vekt<sup>2</sup>. Endring i lagerhald m.v. kan påverke faktisk bruk, men med tal for fem år, skulle tala gje ein rimeleg god indikasjon av situasjon.

Årleg råstoffbruk varierer mellom 294,000 – 332,000 tonn. Sjølv om ein del av råstoffet kan vere importert, t.d. frå Russland, utgjer leveransar til klippfisknæringa ein stor del av samla fangstar av torsk, sei, brosme og lange. Særleg er dette tilfellet for sei, lange og brosme. Kategorien "Stillehavs- og Grønlandstorsk", som varierer mellom 3.400 og 20.500 tonn, er truleg import.

Tabell 2. Råstoffbruk av ulike fiskeslag til klippfiskproduksjon 2009– 2013. Tonn rundvekt.

Fiskeslag	2009	2010	2011	2012	2013
Torsk, Atlanterhavs	102.700	138.500	140.800	151.000	153.000
Sei	143.800	150.700	148.300	130.500	145.800

<sup>1</sup> Hyse er ikkje teke med. Etter avtalen med Brasil kan hyse brukast i klippfiskproduksjon, men frå tilgjengeleg statistikk vert lite, om i det heile noko, hyse nytta av denne næringa.

<sup>2</sup> Ein har nytta fylgjande omrekningafaktorar: torsk 3,65, sei 3,28, lange og brosme 3,40 (kjelde: Fiskeridirektoratet).

Brosme	11.700	14.400	14.500	14.200	12.900
Lange	13.000	17.100	15.600	12.300	9.400
Stillehavs- og Grønlands-torsk	20.500	10.200	7.200	5.500	3.400
Annan klippfisk <sup>a</sup>	1.900	1.200	3.500	6.600	3.400
Samla råstoffbruk	294.000	332.000	330.000	320.000	328.000

a) Ikkje oppgjeve kva type fisk, omrekningsfaktor for torsk er nytta.

## 2. METODE FOR MÅLING AV VERDISKAPING

Produksjon skapar verdjar. Dette vert målt ved produksjonsverdien. Produksjonsverdi er verdien av innsatsvarer i produksjonen pluss den meirverdi som vert skapt. For å kome fram til meirverdi, eller verdiskaping, må ein difor ta omsyn til kostnader til varer og tenester som går inn i produksjonsprosessen. Enkelt sagt er verdiskaping produksjonsverdi inklusive alle avgifter minus vareinnsats og kapitalslit. Dette er det same prinsippet som vert brukt for å uttrykke verdiskaping som bidrag til brutto nasjonalprodukt (Henriksen m.fl., 2012).

Når ein ser på dette i tilknytning til figur 1, veit ein at det vert skapt verdjar på kvart ledd i verdikjeda. For å finne netto verdiskaping i eit ledd, må ein difor korrigere for verdiskaping på tidlegare ledd. Samla verdiskaping i verdikjeda vil såleis vere summen av verdiskaping i dei ulike ledda. Skulle ein derimot summere produksjonsverdi på dei ulike ledda, ville det skje ei form for dobbeltteljing.

Når ein skal finne netto verdiskaping med utgangspunkt i rekneskapstal kan ein nytte følgjande samanheng:

$$\text{Netto verdiskaping} = \text{driftsresultat} + \text{lønskostnader}$$

Det kan visast at denne samanhengen er korrekt dersom avskrivningane er lik kapitalslitet. No er det rett nok slik at avskrivningane som ein nyttar i rekneskapen truleg vil avvike den eine eller andre vegen frå den verkelege kapitalslitasjen, både ut frå omsyn til skatt og den økonomiske stoda til bedrifta, men dersom ein nyttar formelen over, vil ein som regel få eit svar som ligg svært nær røynda.

Dei skapte verdiane vert delt mellom dei tilsette som får løn, staten som får skattar og avgifter og kapitaleigarane (eigarane av føretaket og dei som har lånt

føretaken kapital). Når eigarane har betalt finanskostnadane, bestemmer dei kor mykje dei vil ta ut i utbytte og kor mykje av overskotet som skal haldast tilbake i verksemda. Dersom eigarane let ein del av overskotet bli verande i verksemda, aukar dette soliditeten, noko som reduserer risiko for konkurs.

Dersom ein skal kunne seie noko om verknadene av klippfisknæringa – eller kva som helst anna næring – for den regionale økonomien, må ein finne ut kor store verdiar som vert skapt og kven som får desse verdiane. På den måten kan ein seie noko om storleiken på pengestraumane som går inn i den regionale økonomien. Berre pengar nytta lokalt verkar på den regionale økonomien.

Lat oss sjå nærare på kva verdiar dei ulike interessentane vert til del og korleis ein kan finne dei i føretaka sine rekneskap.

### Til dei tilsette

Dei tilsette sin del av verdiskapinga er utbetalt løn etter skatt. For å finne utbetalt løn, må ein gjere føresetnader om skatt på løn som dei tilsette betalar og storleiken på arbeidsgjevaravgifta. Arbeidsgjevaravgifta kjem an på kva sone kommunen der føretaket er lokalisert tilhøyrer og varierar frå 0 til 14,1% (jamfør vedlegg, tabell A3). Satsane for arbeidsgjevaravgifta kan vere lågare i nokre kommunar for næringar som høyrer inn under landbruk og fiskeri, som òg inkluderar slakteri og fiskeforedling.

Som vist i vedlegget, går det meste av klippfiskproduksjonen føre seg i Møre og Romsdal der vanleg arbeidsgjevaravgift er 14,1 %. Vidare går me ut frå ein gjennomsnittleg lønsskatt på 30 %. Med dette som utgangspunkt kjem ein fram til følgjande samanheng<sup>3</sup>:

$$\text{Utbetalt løn} = 0,614 * \text{Føretakets lønskostnad.}$$

Skulle derimot arbeidsgjevaravgifta vere 5,1% med gjennomsnittleg lønsskatt på 30 %, får ein fylgande samanheng:

$$\text{Utbetalt løn} = 0,666 * \text{Føretakets lønskostnad.}$$

---

<sup>3</sup> La  $X$  = brutto løn,  $n$  = netto løn og  $k$  = total lønskostnad. Samanhengen er, med 14,1 % arbeidsgjevaravgift og  $n = 0,7 * X$  (30 % skatt),  $X * 1,141 = k$ . Ein får då at  $n/k = 0,7/1,141 = 0,614$ .



Med 6,4 % arbeidsgjevaravgift:

$$\text{Utbetalt løn} = 0,658 * \text{Føretakets lønskostnad.}$$

Og med 10,6 % arbeidsgjevaravgift:

$$\text{Utbetalt løn} = 0,633 * \text{Føretakets lønskostnad.}$$

Dette inneber at med lågare arbeidsgjevaravgift går meir av føretaket sin lønskostnad til dei tilsette og mindre til staten.

Føretaka sin lønskostnad er gjeven i rekneskapen og dermed er det enkelt å rekne ut kor mykje dei tilsette får utbetalt etter skatt.

Det er netto løn etter skatt som dei tilsette har til disposisjon som skapar ringverknader lokalt.

#### Til staten: Skattar og avgifter

Etter som praktisk tala all klippfisk vert eksportert betalar ein ikkje meirverdiavgift. Me vil difor her sjå bort frå meirverdiavgift.

Det offentlege tek dermed inn fylgjande i skattar og avgifter:

1. Selskapskatt på 28 % av føretaket sitt overskot. Heile selskapskatten går til staten.
2. Arbeidsgjevaravgift. Staten får òg alt av denne.
3. Skatt på lønsinntekt. Den såkalla kommuneskatten er på 28 %, men kommunen får berre 12,8 %, medan fylkeskommunen får 2,65 % og staten får 12,55 %.

Samanhengen vist over mellom lønskostnaden  $k$  og netto utbetalt løn  $n$  er  $n = 0,614 * k$  under føresetnad av at arbeidsgjevaravgifta er 14,1 % og lønsskatten er 30 %. Det betyr at det offentlege under desse føresetnadene får  $(k - n) = 0,386 * k$  i arbeidsgjevaravgift og lønsskatt. I tillegg får det offentlege selskapskatt. Dermed vil det offentlege få<sup>4</sup>

$$\text{Alle skattar og avgifter} = 0,386 * \text{lønskostnad} + \text{selskapskatt}$$

---

<sup>4</sup> I tilfellet med 5,1 % arbeidsgjevaravgift, alle andre føresetnader like, får ein Alle skattar og avgifter =  $0,334 * \text{lønskostnad} + \text{selskapskatt}$ . Med 6,4 % arbeidsgjevaravgift, får ein Alle skattar og avgifter =  $0,342 * \text{lønskostnad} + \text{selskapskatt}$ . Og med 10,6 % arbeidsgjevaravgift, får ein Alle skattar og avgifter =  $0,367 * \text{lønskostnad} + \text{selskapskatt}$ .

### Til kapital

Når ein her brukar omgrepet kapitaleigarar, meiner ein eigarane av verksemda pluss eventuelle långjevarar. Dei får verdjar som fylgjer

- I. Utbytte. Det eigarane tek ut i utbytte.
- II. Tilbakehalde overskot. Det som eigarane let vere å hente ut i utbytte. Dette er kapital som går inn i føretaket og bidreg til å styrke føretaket sin soliditet.
- III. Finanskostnader. Rentekostnader føretaket må betale långjevar.

Etter denne prinsipielle drøftinga, kan me gå vidare og sjå på faktisk verdiskaping.

## **3. VERDISKAPING OG SYSSELSETJING I VERDIKJEDA FOR KLIPPFISK**

Me vil i dette kapitlet presentere estimat av verdiskaping og sysselsetjing i klippfisknæringa. Dette vil verte gjort for dei ulike ledda i verdikjeda, dvs. fangst, foredling og eksport som vist i figur 1. Til slutt vil samla verdiskaping i verdikjeda verte vist.

### **3.1 Verdiskaping i fangstleddet**

Analysen av verdiskaping innan fangstleddet er tufta på data om leveransar av fisk til saltfisk- og klippfiskproduksjon og dei verdiane denne produksjonen gjev opphav til. Når det gjeld leveransar, er det henta inn data frå Noregs Råfisklag og Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag (SUROFI). Analysen av verdiskaping vert så gjennomført ved å samanhalde informasjon om desse leveransane med dei årlege lønsemdsundersøkingane til Fiskeridirektoratet. Desse undersøkingane gjev informasjon om talet på farty per fartygruppe, driftsresultat og arbeidsgodtgjersle til mannskap per farty. Lønsemdsundersøkingane gjev òg samla fangstmengd av alle fiskeslag for gruppa.

Som vist i del to ovanfor, er sum driftsresultat og arbeidsgodtgjersle eit mål på verdiskapinga per farty. Multipliserar ein verdiskaping per farty med talet på farty får ein samla verdiskaping for fartygruppa eller i fiskeriet.

Med data for samla fangst levert til klippfiskproduksjon, vil me gå ut frå at verdiskapinga i fiskeria som kan knytast til klippfisk er proporsjonal med samla verdiskaping i gruppa.

Klippfiskråstoff vert i all hovudsak omsett gjennom Noregs Råfisklag og Sunnmøre og Romsdal fiskesalslag (SUROFI). For SUROFI er det vanskeleg å skilje mellom leveransar til klippfisk og annan saltfisk, og analysen vil difor i stor grad ta utgangspunkt i omsetnaden i Råfisklagets distrikt. Sjølv ved å avgrense analysen til Råfisklaget sin omsetnad kan ein vise kor viktig klippfiskproduksjonen er for verdiskapinga i botnfiskeria. Resultata basert på Råfisklagets omsetnad viser ei nedre grense for kva leveransar til klippfisk medvirkar til verdiskaping, men me vil òg prøve å talfeste verdiskapinga som skuldast leveransar utanom Råfisklaget sitt distrikt.

Me skal kome tilbake til verdiskaping for leveransar i SUROFI sitt distrikt nedanfor.

### Samla botnfiskeri

I tabell 3 viser ein aggregert informasjon om dei samla botnfiskeria i Noreg i form av tal på farty, sysselsetjing, samla fangst og verdiskaping, vidare informasjon på fartynivå (driftsresultat, arbeidsgodtgjersle og verdiskaping). I tillegg gjev tabellen informasjon om leveransar til klippfiskproduksjon i Noregs Råfisklag sitt distrikt til og med 2012, dessutan verdiskaping og fyrstehandsverdi av leveransar til klippfiskproduksjon under føresetnad av at det er proporsjonalt med fangstmend levert til dette føremålet.

I perioden har samla fangstmengd variert mellom 643,000 - 762,000 tonn, medan leveransar til klippfiskproduksjon har variert mellom 208,000 - 294,000 tonn eller 32-45 prosent av samla fangstmengd. Sjølv med berre kvantum levert til klippfisk i Råfisklagets distrikt kan ein slå fast at klippfiskprodusentar er viktige kjøparar av fisk frå farty som fiskar botnfisk. Ettersom leveransane i Råfisklaget vert samanlikna med samla fangst på landsbasis, utgjer dette såleis nedre grenser for desse leveransane.

Tabell 3. Botnfiskeri, alle farty. Fiskemengde i 1000 tonn og verdi i 1000 NOK.

År	2009	2010	2011	2012	2013
Tal på farty	1 499	1 453	1 220	1 258	1 180
Sysselsetjing <sup>a)</sup>	6 072	5 833	5 944	4 210	3 658
Driftsresultat per farty	304	434	799	458	556
Arbeidsgodtgjersle mannskap	1 478	1 651	2 198	1 953	2 056
Verdiskaping per farty <sup>b)</sup>	1 782	2 085	2 997	2 411	2 612
Verdiskaping i heile botnfiskeriet	2 671 146	3 029 550	3 656 342	3 032 922	3 082 868
Samla fangstmengd alle fiskeslag i botnfiskeria	648 045	761 574	664 948	647 998	643 049
Leveransar til klippfisk rundvekt <sup>c)</sup>	208 255	249 214	278 456	294 302	286 000 <sup>d)</sup>
Fyrstehandsverdi leveransar til klippfisk	1 978 700	2 103 647	2 684 651	2 716 880	-
Verdiskaping i botnfiskeria av fisk levert til klippfisk	1 211 825	1 320 700	1 814 567	1 497 744	-

a) Kjelde Lønsemundsundersøkingane, Fiskeridirektoratet.

b) Netto verdiskaping = driftsresultat + arbeidsgodtgjersle. Kjelde Fiskeridirektoratet.

c) Rundvekt og fyrstehandsverdi av fisk omsett til klippfiskproduksjon i Råfisklaget sitt distrikt. Kjelde Noregs Råfisklag.

d) For 2013 er kvantum sett til halvparten av kvantum i 2012 og 2013. Dette utfrå det faktum av samla råstoffbruk, korrigert for import, er rimeleg likt i denne treårs-perioden (tabell 2).

Samanliknar ein samla fangstmengd for alle fiskeslag i botnfiskeria i Råfisklaget sitt distrikt (tabell 3) med råstoffbruk til klippfiskproduksjon (tabell 2), finn ein at klippfiskråstoff i åra 2009-2012 utgjer 44-50 prosent av samla fangstmengd i botnfiskeria på landsbasis.

Verdiskaping i botnfiskeria av leveransar til klippfisk utgjorde vel 1,2 mrd. kr. i 2009 med ein auke til over 1,8 mrd. kr i 2011, med ein nedgang til knapt 1,5 mrd. kr. i 2012.

### Verdiskaping i ulike fiskeri

I det fylgjande skal me sjå nærare på verdiskaping i fire ulike farygrupper for åra 2009-12. Også her vert leversansar i Råfisklaget sitt distrikt samanlikna med samla fangstar på landsbasis.

Lønsemdsundersøkingane rapporterar resultat fordelt på kyst- (tabell 4) og havfiskefarty (tabell 5).

Tabell 4. Botnfiskeri, kystfiskefarty. Fiskemengde i 1000 tonn og verdi i 1000 NOK

År	2009	2010	2011	2012
Tal på farty	1 415	1 368	1 142	1 190
Sysselsetjinga)	2 993	2 864	3 245	2 763
Driftsresultat per farty	100	81	186	176
Arbeidsgodtgjersle mannskap	775	796	1 113	1 069
Verdiskaping per farty <sup>b)</sup>	876	878	1 299	1 246
Verdiskaping for alle kystfiskefarty i botnfiskeria	1 239 141	1 200 451	1 483 272	1 482 263
Samla fangstmengd alle fiskeslag for kystfiskefartya i botnfiskeria	236 705	273 374	276 381	296 962
Leversansar til klippfisk rundvekt <sup>c)</sup>	97 153	130 465	140 784	152 419

a) Kjelde Lønsemdsundersøkingane, Fiskeridirektoratet.

b) Netto verdiskaping = driftsresultat + arbeidsgodtgjersle. Kjelde Fiskeridirektoratet.

c) Rundvekt og fyrstehandsverdi av fisk omsett til klippfiskproduksjon i Råfisklaget sitt distrikt. Kjelde Noregs Råfisklag.

Tabell 5. Botnfiskeri, havfiskefarty. Fiskemengde i 1000 tonn og verdi i 1000 NOK

År	2009	2010	2011	2012
Tal på farty	84	85	78	68
Sysselsetjing <sup>a)</sup>	3 079	2 969	2 699	2 447
Driftsresultat per farty	3 744	6 114	9 766	5 393
Arbeidsgodtgjersle mannskap	13 303	15 405	18 094	17 410
Verdiskaping per farty <sup>b)</sup>	17 048	21 519	27 860	22 804
Verdiskaping for alle havfiskefarty i botnfiskeria	1 432 003	1 829 098	2 173 071	1 550 661
Samla fangstmengd alle fiskeslag for havfiskefartya i botnfiskeria	432 146	507 903	388 566	351 036
Leversansar til klippfisk rundvekt <sup>c)</sup>	111 102	118 749	137 672	141 883

a) Kjelde Lønsemdsundersøkingane, Fiskeridirektoratet.

b) Netto verdiskaping = driftsresultat + arbeidsgodtgjersle. Kjelde Fiskeridirektoratet.

c) Rundvekt og fyrstehandsverdi av fisk omsett til klippfiskproduksjon i Råfisklaget sitt distrikt. Kjelde Noregs Råfisklag.

Leveransane til klippfiskproduksjon for dei to fartygruppene er i absolutte kvanta rimeleg like (tabell 4 og 5). Ein merkar likevel at medan kystfiskefartya sine leveransar til klippfiskproduksjon er 41-51 prosent av samla kvantum, er dei for havfiskefartya 23-40 prosent. Med dei føresetnadene som er gjort, vil verdiskaping ved leveransar til klippfiskproduksjon utgjere same prosentsatsar av total verdiskaping. Trass i manglande opplysningar om leveransar utanfor Råfisklagets distrikt, viser dette at klippfisk er viktig for verdiskapinga i botnfiskeria, særleg for kystfiskefartya.

Lønsemdsundersøkingane viser òg resultat for fartygrupper etter driftsmåte og storleik og om fartya høyrer til kystfiskeflåten eller havfiskeflåten. I det materialet me har fått frå Råfisklaget er det vanskeleg å skilje fangstar frå ulike fartygrupper i kystfiskeria frå kvarandre. I havfiske, derimot, er det enklare, og me kan samanlikne klippfiskleveransane i Råfisklaget sitt distrikt med lønsemds-undersøkingane for to grupper havfiskefarty: autolinefarty (tabell 6) og trålarar (tabell 7).

Autolinefartya utgjer truleg den største gruppa av farty omfatta av lønsemdsundersøkinga for konvensjonelle havfiskefarty (tabell 6). Her utgjer leveransar til klippfisk mellom 12 – 17,5 % av samla fangstmengd per år<sup>5</sup>. Med dei føresetnadene som er gjort, vil klippfiskleveransar utgjere same del av verdiskapinga.

Tabell 6. Konvensjonelle havfiskefarty. Fiskemengde i 1000 tonn og verdi i 1000 NOK.

År	2009	2010	2011	2012
Tal på farty	33	34	35	31
Sysselsetjing <sup>a)</sup>	937	1 034	1 061	1 008
Driftsresultat	1 196	2 240	2 472	1 807
Arbeidsgodtgjersle mannskap	10 018	11 975	12 739	12 646
Verdiskaping per farty <sup>b)</sup>	11 213	14 215	15 211	14 453
Verdiskaping i heile autolineflåten	370 041	483 321	532 402	448 055
Samla fangstmengd alle fiskeslag for konvensjonelle kystfiskefarty	83 047	91 340	95 311	92 463
Leveransar til klippfisk rundvekt <sup>c)</sup>	9 899	12 790	13 721	16 227

<sup>5</sup> Ein grunn til desse relativt låge prosentsatsane kan vere at mange autolinefarty høyrer heime i Midt Noreg og i stor grad leverer gjennom SUROFI.

- a) Kjelde Lønsemdsundersøkingane, Fiskeridirektoratet.
- b) Netto verdiskaping = driftsresultat + arbeidsgodtgjersle. Kjelde Fiskeridirektoratet.
- c) Rundvekt og fyrstehandsverdi av fisk omsett til klippfiskproduksjon i Råfisklagets distrikt. Kjelde Noregs Råfisklag.

Tråling etter fisk går i all hovudsak føre seg i havfiskeflåten og trålfangstar er difor enkle å allokere til torske-/reketrålere i lønsemdsundersøkingane (tabell 7).

Klippfiskprodusentar er viktige avtakarar av trålfanga botnfisk. Av trålfanga fisk omsett gjennom Råfisklaget går 40-49 prosent av samla trålfanga fisk, inkludert fisk omsett gjennom andre fiskesalslag (tabell 7), til klippfisk. Dette tyder på at klippfiskproduksjon er mest like viktiga for trålarflåten som for kystfiskeflåten. Til samanlikning utgjer konvensjonelle havfiskefarty sine leveransar til klippfisk gjennom Råfisklaget berre 12-18 prosent av samla fangstmengd for denne fartygruppa (kjelde: Noregs Råfisklag).

Tabell 7. Torsketrålere. Fiskemengde i 1000 tonn og verdi i 1000 NOK.

År	2009	2010	2011	2012
Tal på farty	43	44	39	37
Sysselsetjing <sup>a)</sup>	1 978	1 791	1 556	1 439
Driftsresultat	5 847	9 813	16 417	8 398
Arbeidsgodtgjersle mannskap	16 906	18 974	23 523	21 402
Verdiskaping per farty <sup>b)</sup>	22 753	28 788	39 940	29 800
Verdiskaping i heile trålerflåten	978 367	1 266 652	1 557 659	1 102 606
Samla fangstmengd alle fiskeslag for torsketrålere	254 203	267 582	274 025	258 572
Leveransar til klippfisk rundvekt <sup>c)</sup>	101 203	105 959	123 951	125 656

- a) Kjelde Lønsemdsundersøkingane, Fiskeridirektoratet.
- b) Netto verdiskaping = driftsresultat + arbeidsgodtgjersle. Kjelde Fiskeridirektoratet.
- c) Rundvekt og fyrstehandsverdi av fisk omsett til klippfiskproduksjon i Råfisklagets distrikt. Kjelde Noregs Råfisklag.

### Oppsummering

Tabell 8 oppsummerar kva klippfiskråstoff utgjer i prosent av verdiskapinga i botnfiskeria fordelt på kystfiskefarty og havfiskefarty, og konvensjonelle havfiskefarty

og torsketralerar. For botnfiskeria under eitt utgjer klippfiskråstoff 44-50 prosent av den samla verdiskapinga.

Tabell 8. Prosentvis del av verdiskaping i botnfiskeria frå leveransar av klippfiskråstoff.

År	2009	2010	2011	2012
Botnfiskeri, alle farty	45,4	43,6	49,6	49,4
Botnfiskeri, kystfiskefarty	41,0	47,7	50,9	51,3
Botnfiskeri, havfiskefarty	25,7	23,4	35,4	40,4
Konvensjonelle havfiskefarty	11,9	14,0	14,4	17,5
Torsketralerar	39,8	39,6	45,2	48,6

Samla sett er klippfiskråstoff viktigast for verdiskapinga i kystfiskeflåten, med 41-51 prosent i Råfisklagets distrikt mot 23-40 prosent for havfiskefartya. Som dette viser er spreininga størst i havfiskeflåten, men klippfiskråstoff er vel så viktig for verdiskapinga i trålarflåten (om lag 50 prosent omsett gjennom Råfisklaget) som for kystfiskeflåten. Igjen er det her tale om nedre grenser, ettersom ein samanliknar leveransar i Råfisklaget sitt distrikt med fangstmengder på landsbasis.

#### Saltfiskproduksjon i SUROFI sitt område

Me kjem no attende til verdiskaping av leveransar til klippfiskproduksjon i SUROFI sitt område. Ved å samanlikne samla råstoffbruk til klippfisk (tabell 2) med Råfisklaget sin omsetnad til klippfiskproduksjon (tabell 3), finn ein kvantum klippfiskråstoff som har vorte omsett utanom Råfisklaget. I all hovudsak er det her tale om leveransar i SUROFI sitt distrikt.

Frå SUROFI har ein fått oversikt over årlege leveransar til saltfiskproduksjon for 2009-12, men det er ikkje mogeleg å skilje ut leveringar direkte til klippfiskproduksjon. Det er opplysningar for ulike fartygrupper (tabell 9). Samla leveransar har variert mellom 67-79.000 tonn per år. Fyrstehandsverdien auka frå 573 mill. kr. i 2009 til 798 mill. kr i 2010, med 721 mill. kr. i 2012.

Tabell 9. Leveransar til saltfisk omsett gjennom Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag (SUROFI), fordelt på fartylengde. Fiskemengde i 1000 tonn og verdi i 1000 NOK.

År	2009	2010	2011	2012
Fartylengde >25 m. Rundvekt	56 427	68 598	59 903	59 575
Fartylengde >25 m. Fyrstehandsverdi	495 186	719 260	684 966	655 209



Fartylengde 15-25 m. Rundvekt	3 517	3 871	2 846	2 085
Fartylengde 15-25 m. Fyrstehandsverdi	22 539	30 645	25 610	20 536
Fartylengde <=15 m. Rundvekt	8 496	6 944	8 021	5 154
Fartylengde <=15 m. Fyrstehandsverdi	55 451	48 016	70 167	45 731
Rundvekt leveransar til saltfisk, sum alle farty	68 439	79 413	70 771	66 813
Fyrstehandsverdi leveransar til saltfisk, sum alle farty	573 176	797 922	780 742	721 476

Kjelde: SUROFI.

Med desse føresetnadene, finn ein at råstoff til klippfiskproduksjon utanom Råfisklaget sitt distrikt var mellom 83-86.000 tonn i 2009 og 2010 (tabell 10). Dette vart kraftig redusert til knapt 52.000 tonn i 2012 og igjen halvert til knapt 26.000 tonn i 2012. I prosent av samla årlege leveransar til klippfiskproduksjon utgjer dette 8 % i 2012, 16 % i 2011, 25 % i 2010 og 29 % i 2009, i gjennomsnitt 19 % per år.

Tabell 10. Verdiskaping i fiske av klippfiskråstoff omsett gjennom Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag (SUROFI). Fiskemengde i 1000 tonn og verdi i 1000 NOK.

År	2009	2010	2011	2012
Klippfiskråstoff ikkje omsett av Råfisklaget	85 745	82 786	51 544	25 698
Saltfiskråstoff omsett av SUROFI	68 439	79 413	70 711	66 813
Verdiskaping i fiske av klippfisk i SUROFI sitt distrikt	230 247	250 933	344 768	284 571

Tabell 10 viser omsetnaden til saltfisk gjennom SUROFI i same tidsrom. Det ser ut som råstoff foredla til klippfisk i Noreg i aukande grad vert omsett gjennom Råfisklaget heller enn gjennom SUROFI eller andre fiskesalslag, og kanskje at ein minkande del av saltfiskråstoffet vert foredla til klippfisk, men heller eksportert som saltfisk.

Legg ein til grunn at i gjennomsnitt vert 19 % av klippfiskråstoffet omsett gjennom SUROFI, får ein potensiell verdiskaping i fiske frå klippfiskråstoff gjennom dette fiskesalslaget som 19 % av verdiskapinga i botnfiskeria.

Tabell 10 viser vidare verdiskapinga i botnfiskeria omsett gjennom SUROFI. Verdiskapinga av fisk levert til klippfiskproduksjon auka frå 230 mill. kr. i 2009 til 345 mill. kr. i 2011, med ein reduksjon til 285 mill. kr. i 2012.

Frå tabell 10 ser ein at i 2009 (og litt i 2010), er klippfiskråstoff større enn saltfiskråstoff SUROFI. Dette kan skuldast 1) produksjon frå lager i 2009 og 2) omsetnad gjennom andre fiskesalslag.

#### Samla verdiskaping i fangstleddet

Samla verdiskaping av klippfiskråstoff i åra 2009-2012 er gjeve i tabell 11. Verdiskaping i Råfisklaget varierer mellom 1,2 - 1,8 mrd. kr. per år medan det innanfor SUROFI sitt område varierer mellom 230 og 345 mill.kr. per år. Samla verdiskaping aukar frå 1,44 mrd. kr. i 2009 til 2,16 mrd. kr. i 2011, med ein reduksjon til 1,78 mrd. kr. i 2012. For 2013 er verdiskaping ut frå ein skjønsvurdering sett til 1,8 mrd. Kr.

Tabell 11. Samla verdiskaping innan fiske 2009-2012 med anslag for 2013. Mill.kr.

År	2009	2010	2011	2012	2013
Råfisklaget sitt område	1.212	1.321	1.815	1.498	-
SUROFI sitt område	230	251	345	285	-
Til saman	1.442	1.572	2.160	1.783	1.800

Basert på same prosentfordeling for verdiskaping som følgje av klipp- og saltfisk leveransar (tabell 8), oppsummerar tabell 12 kva klippfisk og saltfisk utgjer i prosent av sysselsetjinga i botnfiskeria fordelt på kystfiskefarty og havfiskefarty. Dette utgjer 44-50 prosent av samla sysselsetjing.

Tabell 12. Samla sysselsetjing innan fiske ved leversansar til klippfisk- og saltfiskproduksjon. 2009-2012.

År	2009	2010	2011	2012	2013
Botnfiskeri, kystfiskefarty	1 227	1 366	1 652	1 417	-
Botnfiskeri, havfiskefarty	791	695	955	989	-
Til saman	2 018	2 061	2 607	2 406	2 400

Sjølv om den samla sysselsetjinga i botnfiskeria (tabell 3) har minka frå omlag 6.100 i 2009 til 4.200 i 2012 (tabell 3), har sysselsetjinga i den delen av flåten som

leverer råstoff til klipp- og saltfiskproduksjonen auka noko i same tidsrom (tabell 12), frå vel 2000 i 2009-10 til om lag 2600 i 2012, med ein reduksjon til 2.400 sysselsette i 2012. For 2013 har eit sett sysselsetjinga til same nivå som 2012. Utviklinga som er skissert i tabell 12 inneber at klippfisk- og saltfiskleveransar har vorte viktigare for sysselsetjing i flåten.

### **3.2 Verdiskaping innen foredling**

Det er henta inn rekneskapstal NHH/SNF sin rekneskapsdatabase (Berner, Mjøs og Olvin, 2014) som gjev tilgjenge til rekneskap frå Brønnøysundregistera for 2009-12 for føretak i klippfisknæringa. Ettersom tal for 2013 enno ikkje er tilgjengelegg i denne databasen, er årsrekneskap for dette året henta direkte frå Brønnøysundregisteret. Aktive føretak i klippfisknæringa i 2014 er opplista i vedlegget. Det vert her skilt mellom reine eksportørar (10 føretak) og føretak som er produsentar, men kanskje og er eksportørar (33 føretak). Det er stor grad av vertikal integrasjon mellom produsentant og eksportørane. Truleg er det i lista berre ein eller to «reine» eksportørar.

Metoden som lagt til grunn er som skissert i del 2. Frå føretaka sine rekneskap er det henta inn sum driftsresultat og lønskostnader som mål på verdiskaping. I tillegg vert utbetalingar til tilsette, staten og kapitaleigarar estimert, jfr. drøftinga i del 2. Ettersom denne summen er lik verdiskaping inneber dette òg ei kontrollrekning av resultatet.

Ein del føresetnader for analysen skal presiserast:

- i. Fleire føretak produserer ikkje berre klippfisk, men og andre fiskeprodukt i sær saltfisk. For dei aller fleste føretak sitt vedkomande er det ikkje mogeleg å fordele verdiskapinga på ulike produkt slik at analysane her vil omfatte samla verdiskaping for føretaka<sup>6</sup>.
- ii. Dersom føretaket driv både foredling og eksport, er det ikkje mogeleg å fordele verdiskaping på dei to ledda.

---

<sup>6</sup> Einaste unntak er Br. Sperre, som gjev sal av klippfisk som del av samla produksjonsverdi (32,5% i 2013 og 2012, 30,3% i 2011, 28,6% i 2010 og 29,9% i 2009). Her vert det gjort føresetnad om at verdiskaping er proporsjonal med produksjonsverdi.

- iii. I utrekingane tek ein utgangspunkt i arbeidsgjevaravgift i kommunen der føretaket har sitt forretningskontor. I tilfelle eit føretak er konsern med dotterselskap i andre kommunar med forskjellig arbeidsgjevaravgift, kan ein ikkje ta omsyn til det. Dette vil ha ein viss innverknad på fordeling av verdiskaping mellom tilsette og staten, men det vil ikkje ha innverknad på samla verdiskaping.

I 2009 produserte 32 føretak klippfisk, men dette auka til 34 i 2010-11, medan 33 var aktive i 2012 og 2013 (tabell 13). Produksjonsverdien (salsverdi) auka over perioden frå knapt 4,5 mrd. kr. i 2009 til vel 5,5 mrd. kr. 2010, knapt 6,0 mrd. kr. i 2011 med ein reduksjon til 5,3 mrd. kr. i 2012 og til 4,9 mrd. kr i 2013. Denne utviklinga er i samsvar med utviklinga i eksporten av klippfisk, som auka frå 3,1 mrd. kr. i 2009, til 3,6 mrd. kr. i 2010 og 3,8 mrd. kr. i 2011, med ein nedgang til 3,6 mrd. kr. i 2012 og knapt 3,1 mrd.kr. i 2013. Dette inneber at produksjonsverdi i tabell 13 inkluderer annan produksjon enn klippfisk, noko me skal kome tilbake til seinare.

Samla sysselsetjing i perioden varierer mellom 720 – 828.

Verdiskapinga til desse føretaka utgjorde 511,4 mill. kr. i 2009 eller 11,4% av produksjonsverdien. Dette auka til heile 768,9 mill.kr eller 13,9% av produksjonsverdien i 2010. Til trass for auken i produksjonsverdi, vart verdiskapinga i 2011 redusert til 712,1 mill. kr. eller 11,9% av produksjonsverdien. Verdiskapinga vart vidare redusert til 359,2 mill. kr. eller 6,8% av produksjonsverdien i 2012. I 2013 auka verdiskapinga til 511,5 mill.kr eller 10,3 % av produksjonsverdien. Dette til trass for ein reduksjon i produksjonsverdi.

Tabell 13. Verdiskaping m.v. i klippfisknæringa 2009 – 2013.

År	Talet på bedrifter	Talet på tilsette	Sum produksjonsverdi (mill.kr.)	Sum verdiskaping (mill. kr.)	Til dei tilsette (mill.kr.)	Til staten (mill.kr.)	Til kapital (mill.kr.)
2009	32	716	4484,3	511,4	230,2 (45,0%)	328,1 (64,2%)	-46,9 (-9,2%)
2010	34	803	5526,4	768,9	271,2 (35,3%)	211,7 (27,5%)	286,0 (37,2%)
2011	34	760	5972,1	712,1	280,7 (39,4%)	201,9 (28,4%)	229,4 (32,2%)
2012	33	797	5314,6	359,2	294,8 (82,1%)	126,2 (35,1%)	-61,7 (-17,2%)

2013	33	828	4989,5	511,5	307,6 (60,1%)	130,4 (25,5%)	73,4 (14,4%)
------	----	-----	--------	-------	------------------	------------------	-----------------

Med omsyn til fordeling av verdiskapinga, gjekk 230 mill. kr. til dei tilsette i 2009 noko som auke til heile 307,6 mill. kr. i 2013. Ein merkar seg at den relative delen til dei tilsette er større når verdiskapinga er mindre. I 2012 var verdiskapinga på sitt lågaste, ned i 359,2 mill.kr og dei ansatte fekk då heile 82,1% av verdiskapinga.

Staten får store inntekter frå næringa både i absolutte verdiar og som del av verdiskapinga. Skatteinntektene kjem an både på lønsinntektene og verdiskapinga, som gjev grunnlag for selskapskatt.

“Til kapital” varierer med verdiskaping, både i absolutte og relative vedia. Fordeling av “til kapital” er vist i tabell 14. I to år, 2009 og 2014, er “til kapital” negativ. Dette inneber at kapitaleigarane tilfører midlar til foretaket. Eit noterer og at utbyte som regel er rimeleg lågt medan tilbakehalde overskott dei tre fyrste åra er svært stort. Dette medvirkar til å styrke soliditeten til foretaket.

Tabell 14. Fordeling av kapital innan foredling 2009 – 2013.

År	Til kapital (mill. kr.)	Utbyte (mill. kr.)	Tilbakehalde overskott (mill.kr.)	Til långjeverar (mill. kr.)
2009	-46,9	20,6 (-43,8%)	532,9 (1136,7%)	-600,4 (-1280,5%)
2010	286,0	9,0 (3,2%)	188,9 (66,0%)	88,1 (30,8%)
2011	229,4	48,6 (21,2%)	239,6 (104,5%)	-58,8 (-25,6%)
2012	-61,7	17,5 (-28,4%)	-117,6 (190,7%)	38,4 (-62,3%)
2013	73,4	16,1 (21,9%)	-96,1 (-130,9%)	153,4 (208,9%)

Tabell 15 viser den fylkesvise fordelinga av næringa. To føretak høyrer heime i Finnmark og to i Troms; alle andre i Møre og Romsdal. Det inneber at det alt vesentlege av verdiskapinga og sysselsetjing innan foredling skjer i Møre og Romsdal.

Tabell 15. Fylkevis fordeling av verdiskaping i føretak innan foredling 2009 – 2013.

År	Møre og Romsdal				
	2009	2010	2011	2012	2013
Talet på bedrifter	28	30	30	29	29
Talet på tilsette	543	592	551	590	645
Sum produksjonsverdi	4064,9	4958,4	5227,9	4540,6	4312,9

Sum verdiskaping	432,9	664,6	611,9	361,2	446,3
------------------	-------	-------	-------	-------	-------

År	Troms					Finnmark				
	2009	2010	2011	2012	2013	2009	2010	2011	2012	2013
Talet på bedrifter	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2
Talet på tilsette	113	121	131	136	111	60	90	78	71	72
Sum produksjonsverdi	235,1	360,2	489,0	528,2	445,2	184,3	207,8	255,1	245,8	231,4
Sum verdiskaping	40,4	57,7	62,7	-37,0	19,7	38,0	46,7	37,4	35,0	45,5

Som vist i tabell 16, er det svært stor variasjon mellom bedriftene. Medan gjennomsnittlig sysselsetjing er mellom 22-25, varierer dette mellom eit minimum på null og eit maksimum på 83<sup>7</sup>. Eigenkapital-delen er i snitt 0.38-0.40, noko som må karakteriserast som høgt samanlikna med norsk næringsliv generelt. Etersom produksjon av klippfisk er ei konkurranseutsett næring er det viktig med stor eigenkapital.

Tabell 16. Verdiskaping m.v. for enkeltføretak innan foredling 2009 – 2013<sup>a)</sup>.

	Gjennomsnitt (standardavvik)				
	2009	2010	2011	2012	2013
Talet på tilsette	23,1 (20,0)	23,6 (20,1)	22,3 (20,0)	24,2 (21,3)	25,1 (24,4)
Prod. verdi (mill.kr)	140,1 (183,2)	162,5 (219,5)	175,6 (235,5)	161,0 (198,1)	151,2 (196,2)
Verdiskaping (mill.kr)	15,9 (15,6)	22,6 (32,7)	20,9 (34,1)	10,9 (15,2)	15,5 (19,1)
Eigenkapital del	0,381 (0,182)	0,391 (0,217)	0,395 (0,209)	0,4 (0,3)	-

<sup>7</sup> Eit produsentselskap og to eksportørar har ifylgje årsrekneskapen positiv produksjonsverdi og verdiskaping, men ingen tilsette. For nokre føretak vert det ikkje gjeve informasjon om tilsette. I enkelte tilfelle kan det vere slik at administrasjon m.v. for føretak i eit konsern kan verte utført av andre føretak i konsernet.

	Gjennomsnitt (standardavvik)				
	2009	2010	2011	2012	2013
Talet på tilsette	23,1 (20,0)	23,6 (20,1)	22,3 (20,0)	24,2 (21,3)	25,1 (24,4)
Prod. verdi (mill.kr)	140,1 (183,2)	162,5 (219,5)	175,6 (235,5)	161,0 (198,1)	151,2 (196,2)
Verdi-skaping (mill.kr)	15,9 (15,6)	22,6 (32,7)	20,9 (34,1)	10,9 (15,2)	15,5 (19,1)
Eigenkapital del	0,381 (0,182)	0,391 (0,217)	0,395 (0,209)	0,4 (0,3)	-

a) Informasjon om egenkapitaldel for 2013 er ikkje tilgjengeleg.

Tabell 17 gjev storleiksfordeling for produsentane. To føretak hadde omsetnad over 500 mill. kr. i 2009-2010 noko som auka til tre i 2011 og 2012; tilsaman stod desse tre for 40,3 % av omsetnaden i 2011 og 37,6% i 2012. I 2013 vart talet redusert til to med 30,5% av omsetnaden. Føretak med omsetnad mellom 200 – 499,9 mill. kr. auka frå fem i 2009 til sju i 2010 og 2011 – 2012; tilsaman stod dei for 38,2 % av omsetnaden i 2012. Dette inneber at i 2012 stod dei 10 største føretaka for 75,8 % av omsetnaden. I 2013 vart dette noko redusert, og dei åtte største føretaka sto då for 68,7 % av omsetnaden. Talet på føretak med omsetnad under 100 mill. kr. har vore rimeleg stabilt over denne perioden.

Tabell 17. Storleiksfordeling etter omsetnad for føretak innan foredling 2009 – 2013.

	2009	2010	2011	2012	2013
Føretak med oms. under 10 mill. kr.	3	3	3	3	3
Omsetnad	4,7 (0,1%)	10,8 (0,2%)	11,5 (0,2%)	11,1 (0,2%)	10,1 (0,2%)
Føretak med oms. 10-49,9 mill. kr.	10	10	12	11	11
Omsetnad	322,0 (7,2%)	308,8 (5,6%)	378,3 (6,3%)	358,5 (6,7%)	357,8 (7,2%)
Føretak med oms. 50-99,9 mill. kr	7	5	4	4	7

Omsetnad	464,1 (10,3%)	357,3 (6,5%)	314,9 (5,3%)	298,8 (5,6%)	581,6 (11,7%)
Føretak med oms. 100-199,9 mill. kr	5	7	5	5	4
Omsetnad	756,6 (16,9%)	842,457 (15,2%)	638,1 (10,7%)	619,0 (11,6%)	614,4 (12,3%)
Føretak med oms. 200-499,9 mill.kr	5	7	7	7	6
Omsetnad	1533582 (34,2%)	2232,9 (40,4%)	2224,5 (37,2%)	2031,4 (38,2%)	1905,1 (38,2%)
Føretak med oms. 500-999,9 mill. kr	2	2	3	3	2
Omsetnad	1403,4 (31,3%)	1774,0 (32,1%)	2404,8 (40,3%)	1995,9 (37,6%)	1520,3 (30,5%)
Føretak med oms. over 1000 mill. kr.	-	-	-	-	-
Omsetnad					
Samla tal på føretak	32	34	34	33	33
Samla omsetnad (mill.kr)	4484,3 (100%)	5526,4 (100%)	5972,1 (100%)	5314,6 (100%)	4989,5 (100%)

### 3.3 Verdiskaping innan eksport

Informasjon er tilgjengeleg for 10 eksportføretak (tabell 18). Deira samla produksjonsverdi auka frå vel 1,4 mrd.kr. i 2009 til knapt 2,3 mrd. kr. i 2011 med ein reduksjon til 2 mrd. kr. i 2012 og vidare til 1,8 mrd.kr i 2013. Samla verdiskaping utgjorde i 2009 62,6 mill.kr., som auka til 65,5 mill. kr. i 2010 og til heile 78,4 mill.kr. i 2011, men med ein reduksjon til 53,3 mill.kr. i 2012 og 52,6 mill.kr i 2013. Relativt sett er verdiskapinga i høve til produksjonsverdi mykje lågare enn innan foredling, noko som er å vente. Alle dei 10 eksportføretaka høyrer heime i Møre og Romsdal.



Samla sysselsetjing var 25 i 2012, noko lågare enn i 2009 og 2010. I 2013 var samla sysselseting 50.<sup>8</sup>

Tabell 18. Verdiskaping m.v. for eksportføretak i klippfisknæringa 2009 - 2013.

År	Talet på bedrifter	Talet på tilsette	Sum produksjons verdi (mill.kr.)	Sum verdiskaping (mill. kr.)	Til dei tilsette (mill.kr.)	Til staten (mill.kr.)	Til kapital (mill.kr.)
2009	10	35	1418,3	62,6	12,2 (19,4%)	20,2 (32,3%)	30,2 (48,3%)
2010	10	33	2036,5	65,5	16,3 (24,9%)	19,3 (29,5%)	29,8 (45,5%)
2011	10	26	2295,6	78,4	15,3 (19,5%)	21,8 (27,9%)	41,2 (52,6%)
2012	10	25	2021,7	53,3	15,3 (28,7%)	16,7 (31,3%)	21,4 (40,0%)
2013	10	50	1763,4	52,6	16,2 (30,9%)	14,5 (27,6%)	21,8 (41,5%)

Tabell 19 gjev informasjon om fordeling av kapital for eksportføretak. I denne perioden har "til kapital" variert mellom 21,4 mill. kr. og 41,2 mill. kr. per år.

Tabell 19. Fordeling av kapital for eksportføretak 2009 - 2013.

År	Til kapital (mill. kr.)	Utbytte (mill.kr.)	Tilbakehalde overskott (mill. kr.)	Til långjeverar (mill. kr.)
2009	30,2	9,2 (30,3%)	23,0 (76,2%)	-1,9 (-6,5%)
2010	29,8	15,4 (51,5%)	7,2 (24,2%)	7,2 (24,2%)
2011	41,2	9,6 (23,3%)	23,0 (55,8%)	8,6 (20,9%)
2012	21,4	9,0 (42,1%)	7,7 (36,1%)	4,7 (21,8%)
2013	21,8	7,0 (32,1%)	2,3 (10,3%)	12,6 (57,7%)

Eksportføretaka er små når det gjeld sysselsetjing (tabell 20) med gjennomsnittleg sysselsetjing redusert frå 3,5 i 2009 til 2,5 i 2012. Det største føretaket hadde åtte tilsette i 2009, med ein reduksjon til seks i 2010 og 2012.<sup>9</sup> Ein noterer seg at eigenkapitaldelen er høg også for eksportføretak.

<sup>8</sup> Det er ein rimeleg stor skilnad mellom 2013 og tidlegare år utan at ein kjenner grunnen til det. Som nemnt er tala for 2013 er henta frå ein annan database enn for dei andre åra.

<sup>9</sup> Føretak med null tilsette kan vere del av eit konsern der administrasjon vert utført av andre føretak i konsernet.

Tabell 20. Verdiskaping m.v. for enkeltføretak innan eksport 2009 – 2013<sup>a)</sup>.

	Gjennomsnitt (standardavvik)				
	2009	2010	2011	2012	2013
Talet på tilsette	3,5 (3,1)	3,3 (2,9)	2,6 (2,5)	2,5 (2,4)	5 (9)
Produksjonsverdi (mill.kr)	141,8 (123,2)	203,6 (285,6)	229,6 (359,6)	202,2 (301,1)	176,3 (253,8)
Verdiskaping (mill.kr)	6,3 (7,6)	6,5 (14,8)	7,8 (12,9)	5,3 (8,5)	5,3 (6,6)
Eigenkapital-del	0,378 (0,270)	0,390 (0,197)	0,413 (0,199)	0,5 (0,2)	-

	Minimum					Maksimum				
	2009	2010	2011	2012	2013	2009	2010	2011	2012	2013
Talet på tilsette	0	0	0	0	0	8	7	7	6	30
Produksjonsverdi (mill.kr)	0,86	0,58	0,26	156	0,1	389,6	951,5	1187,4	945,7	828,1
Verdiskaping (mill.kr)	0,035	-15,5	0,008	-0,3	-0,5	22,8	42,1	42,2	20,9	19,8
Eigenkapital-del	0,129	0,2	0,14	0,2	-	0,982	0,782	0,855	1,0	-

a) Informasjon om eigenkapitaldel for 2013 er ikkje tilgjengeleg.

Storleiksfordeling etter omsetnad er vist i tabell 21. I 2011 stod det største føretaket for 51,7 % av omsetnaden; dei to største stod for 71%. I 2013 sto det største føretaket for 47% av omsetnaden.

Tabell 21. Storleiksfordeling etter omsetnad for eksportørar 2009 – 2013.

	2009	2010	2011	2012	2013
Føretak med oms. under 10 mill. kr.	2	2	2	2	2
Omsetnad	4,7 (0,3%)	3,3 (0,2%)	2,3 (0,1%)	3,2 (0,02%)	0,4 (0,02%)
Føretak med oms. 10-49,9 mill. kr.	-	-	1	2	2
Omsetnad			39,8 (1,7%)	68,3 (3,4%)	73,0 (4,1%)
Føretak med oms. 50-99,9 mill. kr	2	3	1	2	1

Omsetnad	146,7 (10,3%)	224,4 (11,0%)	74,9 (3,3%)	168,0 (8,3%)	77,0 (4,4%)
Føretak med oms. 100-199,9 mill. kr	4	3	4	2	3
Omsetnad	578,0 (40,8%)	473,5 (23,3%)	548,9 (23,9%)	332,5 (16,4%)	412,8 (23,4%)
Føretak med oms. 200-499,9 mill.kr	2	1	1	2	1
Omsetnad	688,8 (48,6%)	383,8 (18,8%)	442,4 (19,3%)	1452,6 (71,9%)	372,1 (21,1%)
Føretak med oms. 500-999,9 mill. kr	-	1	-	-	1
Omsetnad		951,5 (46,7%)			828,1 (47,0%)
Føretak med oms. over 1000 mill. kr.	-	-	1	-	-
Omsetnad			1187,4 (51,7%)		
Samla tal på føretak	10	10	10	10	10
Samla omsetnad (mill.kr.)	1418,3 (100%)	2036,5 (100%)	2295,6 (100%)	2021,7 (100%)	1763,4 (100%)

### 3.4 Samla verdiskaping i verdikjeda for klippfisk

Samla verdiskapinga i verdikjeda har auka frå 2.016 mill. kr. i 2009 til 2.950 mill. kr. i 2011 (tabell 22). Dette vart redusert til 2.195 mill. kr. i 2012, men med ein auke til 2.365 mill.kr. i 2013. I 2013 fordeler verdiskapinga seg med 1.800 mill. kr. på fangstleddet og 565 mill. kr. på foredling og eksport.

Tabell 22. Samla verdiskaping i verdikjeda for klippfisk 2009-2013. Mill. kr.

	2009	2010	2011	2012	2013
Fangstleddet	1.442	1.572	2.160	1.783	1.800
Foredling	511	769	712	359	512
Eksport	63	66	78	53	53
Sum	2.016	2.407	2.950	2.195	2.365

Samla syttelsetjing har og vist auke frå 2.769 i 2009 og har i åra 2011-13 vore omlag 3,300 i gjennomsnitt (tabell 23). I 2013 fordelte det seg med 2.400 innan fangst og 878 innan foredling og eksport.

Tabell 23. Samla sysselsetjing i verdikjeda for klippfisk 2009-2013.

	2009	2010	2011	2012	2013
Fangstleddet	2.018	2.061	2.607	2.406	2.400
Foredling	716	803	760	797	828
Eksport	35	33	26	25	50
Sum	2.769	2.897	3.393	3.228	3.278

### 3.5 Ringverknader

Verdikjeda for klippfisk skapar og ringverknader. Ifylgje Sandberg m.fl. (2014), er næringsgruppene som har størst ringverknader i form av bidrag til brutto nasjonalprodukt (BNP) for den fiskeribaserte verdikjeda varehandel, utvinning av råolje og naturgass (med rørtransport), finansiell tenesteyting og forsikringsverksemd, omsetnad og drift av fast eigedom, detaljhandel (utanom motorkøyrety), reparasjon og installasjon av maskinar og utstyr og land- og lufttransport. Tilsaman står desse næringsgruppene for over halvparten av ringverknadene til den fiskeribaserte verdikjeda. Sjølv om det vil kunne vere skilnader mellom ulike verdikjeder i fiskerinæringa, er det all grunn til å rekne med at desse næringsgruppene er viktige også for verdikjeda for klippfisk.

I ein rapport frå SINTEF (Henriksen m.fl., 2012) vert ringverknader i den fangstbaserte verdikjeda estimert. Dei kjem fram til at for kvar krone i verdiskaping i kjerneaktivitetan er ringverknadene som fylgjer:

- Fangstleddet 0,30 kr.
- Foredlingsleddet 0,80 kr.
- Eksport-/handelsleddet 1,20 kr.

Det er med andre ord eksport-/handelsleddet som skapar dei største ringverknadene, og fangstleddet dei lågaste. Det er grunn til å understreke at det knyter seg uvisse til desse multiplikatorane og at dei kan variere frå år til år. Likevel vil dei kunne gje ein indikasjon på kor store ringverknadene er.

Me vil leggje desse multiplikatorane til grunn for å estimere ringverknadene til verdikjeda for klippfisk. Dette er gjort for 2009 – 2013, i høvesvis tabell 24 – 28.

Samla verdiskaping inkludert ringverknader auka frå 2.931 mill. kr. i 2009 til 3.573 mill. kr. i 2010 og heile 4.262 mill. kr. 2011. Dette vart redusert til 3.081 mill. kr. i 2012, men med ein auke til 3.379 mill. kr. i 2013. Av samla verdiskaping i 2013 kom 2.340 mill.kr. frå fangstleddet og 1.056 mill. kr. frå foredling og eksport.

Tabell 24. Samla verdiskaping i verdikjeda for klippfisk 2009. Mill. kr.

	Kjerne	Ringverknad	Samla verdiskaping
Fangstleddet	1.442	433	1.875
Foredling	511	409	920
Eksport	62	74	136
Sum	2.015	916	2.931

Tabell 25. Samla verdiskaping i verdikjeda for klippfisk 2010. Mill. kr.

	Kjerne	Ringverknad	Samla verdiskaping
Fangstleddet	1.572	472	2.044
Foredling	769	615	1.384
Eksport	66	79	145
Sum	2.407	1.166	3.573

Tabell 26. Samla verdiskaping i verdikjeda for klippfisk 2011. Mill. kr.

	Kjerne	Ringverknad	Samla verdiskaping
Fangstleddet	2.160	648	2.808
Foredling	712	570	1.282
Eksport	78	94	172
Sum	2.950	1.312	4.262

Tabell 27. Samla verdiskaping i verdikjeda for klippfisk 2012. Mill.kr.

	Kjerne	Ringverknad	Samla verdiskaping
Fangstleddet	1.783	535	2.318
Foredling	359	287	646
Eksport	53	64	117
Sum	2.195	886	3.081

Tabell 28. Samla verdiskaping i verdikjeda for klippfisk 2013. Mill.kr

	Kjerne	Ringverknad	Samla verdiskaping
Fangstleddet	1.800	540	2.340

Foredling	512	410	922
Eksport	53	64	117
Sum	2.365	1.014	3.379

Ifylgje Sandberg m.fl. (2014) har truleg ringverknadene auka over tid. Det kan indikere at samla verdiskaping er noko undervurdert for 2011 – 2013 og kanskje også for 2010. Som nemnt ovanfor, står mange produsentar og for eksport. Ettersom det er større ringverknader innan eksport enn foredling, kan det og tyde på ei viss undervurdering av samla verdiskaping.

Henriksen m.fl. (2012) ser og på ringverknader i form av sysselsetjing. Dei kjem fram til at for kvart årsverk i kjerneaktivitetan er ringverknadene som fylgjer:

- Fangstleddet 0,30 årsverk.
- Foredlingsleddet 1,30 årsverk.
- Eksport-/handelsleddet 0,90 årsverk.

Ein noterer seg at foredlingsleddet har særskilt stor ringverknad når det gjeld sysselsetjing. Igjen er det grunn til å peike på at det knyter seg uvisse til desse multiplikatorane som dessutan kan variere over tid.

Me vil leggje desse multiplikatorane til grunn for å estimere ringverknadene til verdikjeda for klippfisk i form av sysselsetjing. Dette er gjort for 2009 – 2013, i høvesvis tabell 27 – 33. .

Når ein tek omsyn til ringverknader, auka samla sysselsetjing i verdikjeda for klippfisk frå 4.337 i 2009 til over 5.000 i dei siste tre åra. I 2013 var 3.120 sysselsette innan fangstleddet og med 1.999 innan foredling og eksport.

Tabell 29. Samla sysselsetjing i verdikjeda for klippfisk. 2009.

	Kjerne	Ringverknad	Samla sysselsetjing
Fangstleddet	2.018	605	2.623
Foredling	716	931	1.647
Eksport	35	32	67
Sum	2.769	1.568	4.337

Tabell 30. Samla sysselsetjing i verdikjeda for klippfisk. 2010.

	Kjerne	Ringverknad	Samla sysselsetjing
Fangstleddet	2.061	618	2.679
Foredling	803	1.044	1.847

Eksport	33	30	63
Sum	2.897	1.692	4.589

Tabell 31. Samla sysselsetjing i verdikjeda for klippfisk. 2011.

	Kjerne	Ringverknad	Samla sysselsetjing
Fangstleddet	2.607	782	3.389
Foredling	760	988	1.748
Eksport	26	23	49
Sum	3.393	1.793	5.186

Tabell 32. Samla sysselsetjing i verdikjeda for klippfisk. 2012.

	Kjerne	Ringverknad	Samla sysselsetjing
Fangstleddet	2.406	722	3.128
Foredling	797	1036	1.833
Eksport	25	23	48
Sum	3.228	1.781	5.009

Tabell 33. Samla sysselsetjing i verdikjeda for klippfisk. 2013.

	Kjerne	Ringverknad	Samla sysselsetjing
Fangstleddet	2.400	720	3.120
Foredling	828	1.076	1.904
Eksport	50	45	95
Sum	3.278	1.841	5.119

Når det gjeld den geografisk fordelinga, skjer det alt vesentlege av verdiskaping og sysselsetjing innan foredling og eksport i Møre og Romsdal, som vist i tabell 15. Når det gjeld ringverknader, er det og grunn til å rekne med at dei er konsentrert om dette fylket. Derimot når det gjeld fangstleddet, vil verdiskaping og sysselsetjing vere spreidd langs heile kysten utifrå kvar båtar og mannskap høyrer heime.

#### 4.0 SLUTTMERKNADER

Det er gjennomført berre få studier av verdiskaping innan fiskeri og opprett. Dahl og Idsøe (2014) analyserer verdikjeda for oppdrettsnæringa i Sogn og Fjordane. I 2012 utgjorde salsverdi av oppdrettslaks og aure vel 2 mrd.kr., og verdiskapinga var estimert til omlag 240 mill. kr. eller 12% av salsverdien. Over perioden 2000-12 var den relative fordelinga av verdiskapinga 15% til dei tilsette, 29% til staten og 56% til kapital. Denne fordelinga er overraskande lik fordelinga på eksportørleddet (kapittel 3.3). Når ein derimot samanliknar med verdiskaping innan foredling av klippfisk er

hovudskilnaden større relativ del til dei tilsette og mindre til kapital for klippfisk enn for matfiskproduksjon, noko som skuldast at foredling av klippfisk er meir arbeidsintensiv.

SINTEF har i fleire år gjennomført analysar av verdiskaping og sysselsetjing i norsk sjømatnæring. Desse rapportane ser på verdiskaping som bidrag til brutto nasjonalprodukt og legg nasjonalrekneskapen til grunn for estimata. Analysen vert difor på eit meir aggregert nivå enn det som vert presentert in denne rapporten. Til dømes i 2012 var samla verdiskaping innan fiskeforedling 3,7 mrd. kr. eller 12% av samla produksjonsverdi på 2,35 mrd. kr., medan sysselsetjinga var 5,930 (Gisvold Sandberg m.fl., 2014). Same metodologi vart nytta av Olafsen m.fl. (2012) som gjennomførde ein analyse av verdiskaping i havbruksnæringa i Møre og Romsdal for perioden from til 2010.

Tabell 34 gjev verdiskaping per årsverk for foredling og eksport av klippfisk, fiskeforedling generelt og for Fastlands-Noreg samla. Ettersom mange føretak som produserer klippfisk også er eksportørar, er det rimeleg å sjå på foredling og eksport under eitt.

Verdiskapinga per årsverk innan foredling og eksport av klippfisk har auka frå kr. 764.000 i 2009 til kr. 1.006.000 i 2011 noko som er monaleg større enn for fiskeforedling generelt. I desse åra gave klippfisknæringa dessutan meir verdiskaping per årsverk enn gjennomsnittet i Fastlands-Noreg. Som vist ovanfor, vart verdiskapinga i næringa sterkt redusert i 2012, noko som slår ut i ein reduksjon i verdiskaping per årsverk til knapt kr. 502.000. Verdiskapinga auka til vel kr. 642.000 i 2013, ein auke på 28%.

Tabell 34. Verdiskaping i kroner per årsverk<sup>a)</sup>.

År	Verdiskaping per årsverk – foredling og eksport av klippfisk	Verdiskaping per årsverk - fiskeforedling	Verdiskaping per årsverk - Fastlands-Noreg
2009	764,000	617,000	733,000
2010	998,000	725,000	782,000
2011	1,006,000	708,000	803,000
2012	501,824	681,000	831.000
2013	642,482	-	900.492



Kjelder:

Klippfisk: utrekna frå informasjon i tabell 13 (foredling) og tabell 18 (eksport).

Fiskeforedling: Henriksen m.fl. (2012) for 2010 og Henriksen m.fl. (2011) for 2009.

Fastlands-Noreg: Statistisk Sentralbyrå.

a) Tal for 2013 for fiskeforedling generelt er ikkje tilgjengeleg.

Som Sandberg m.fl. (2014) viser til, kan ein i tillegg estimere såkalla konsumverknader eller induserte verknader. Desse kan ha stor verknad for den lokale og regionale økonomien.

Induserte verknader oppstår som fylgje av lønsinntekter som vert brukt til varer og tenester i hushaldningane. Som vist ovanfor, er det store inntekter som tilkjem dei tilsette noko som vil gje grunnlag for privatkonsum som vil kunne skape monalege ringverknader..

Når det gjeld lokaløkonomien, må det og nemnast at sjølv om mesteparten av inntektene går til staten, går likevel ein del av skatteinntektene til kommunane. Desse inntektene vil medvirke til finansiering av kommunale tenester og utbygging av lokal infrastruktur.

Når det gjeld inntekter til kapital, er det viktig å peike på at eigarinteressene i denne verdikjeda hovudsakleg er lokale eller regionale. Dermed vil kapitalinntekter også kunne kome lokaløkonomien til gode.

Induserte verknader grunna lønsinntekter, skatteinngang og kapitalinntekter er ikkje inkludert her. Dei ville ha medført høgare anslag av ringverknadene totalt sett. Difor kan dei ringverknadene som er estimert her betraktast som ei form for "minimumsanslag".

Den fisken som vert foredla til klippfisk kunne alternativt vorte nytta til andre produkt, det vere seg saltfisk eller frosenfisk. Det er i prinsippet mogeleg å gjennomføre ei vurdering av kva verdiar dette råstoffet alternativ kunne gje opphav til. Ettersom det ville vere naudsynt med mange føresetnader både på produksjonssida og marknadssida for å gjere dette, vil me ikkje gå vidare inn på det. Analysane som er presentert her viser likevel klart at klippfiskproduksjon gjev større verdiskaping enn alternativ bruk av råstoffet.

Resultata av analysen som er presentert i denne rapporten viser at dei økonomiske tilhøve i næringa varierer frå år til år. Dette er som venta. Det viser og at det er viktig med stabile og gode ramevilkår for næringa.

**VEDLEGG A. OVERSIKT OVER FØRETAK I KLIPPFISKNÆRINGA**

Føretak i raudt i tabell A1 og A2 er ikkje med i estimat av verdiskaping.

Tabell A1. Føretak som driv produksjon av klippfisk, evt. produksjon og eksport. 2014.

Namn	Orgnr	Heimeside	Postnr	Poststad	Heime-kommune	Merknad
ABS AS	994985108		6057	Ellingsøy	Ålesund	Eigd 50-50 av Andreas Bjørge Seafood AS og Sol-Bac AS.
Hans Fauske og Sønn AS	857459512		6050	Valderøya	Giske	
Sigurd Folland AS	933344886		6530	Averøy/ Langøyneset	Averøy	
Jacob Bjørge AS	910633376	<a href="http://www.jacob-bjorge.com/">http://www.jacob-bjorge.com/</a>	6057	Ellingsøy	Ålesund	
Gustav Stokke AS	937642903		6057	Ellingsøy	Ålesund	
Johan Giskeødegård AS	930083593		6050	Valderøya	Giske	
O. Skarsbø AS	930344370		6430	Bud	Fræna	
Jakob og Johan Dybvik AS	834417332	<a href="http://www.dybvik.no/">http://www.dybvik.no/</a>	6035	Fiskarstrand	Sula	
Peder B. Sørvik AS	980728110		6530	Averøy/ Langøyneset	Averøy	
Korsneset Klippfisk AS	984117833		6035	Fiskarstrand	Sula	
Rafael Dybvik ANS	911242508		6035	Fiskarstrand	Sula	
Vigrafisk AS	919635290		6040	Vigra	Giske	
Fjordlaks AS	923957413	<a href="http://www.fjordlaks.no/">http://www.fjordlaks.no/</a>	6005	Ålesund	<input type="checkbox"/> Ålesund	
Nils Sperre AS	966240326	<a href="http://www.nsperre.as/">http://www.nsperre.as/</a>	6057	Ellingsøy	<input type="checkbox"/> Ålesund	
Olav E. Fiskarstrand AS	911657937	<a href="http://www.olave.no/">http://www.olave.no/</a>	6035	Fiskarstrand	Sula	
Sevrin Tranvåg AS	936801978	<a href="http://www.tanvaag.com/">http://www.tanvaag.com/</a>	6035	Fiskarstrand	Sula	
Mathias Bjørge AS	995471175	<a href="http://www.mathias-bjorge.no/">http://www.mathias-bjorge.no/</a>	6057	Ellingsøy	Ålesund	
AS Møre Codfish Comp	914499151	<a href="http://www.codfish.no/">http://www.codfish.no/</a>	6003	Ålesund	<input type="checkbox"/> Ålesund	
Brødrene Sperre AS	916153120	<a href="http://www.sperrefish.com/">http://www.sperrefish.com/</a>	6057	Ellingsøy	<input type="checkbox"/> Ålesund	
Ellingsøy klippfisk AS	994714473		6057	Ellingsøy	Ålesund	Eigd av Korsneset Klippfisk.

Gytestranda fiskeindustri AS	924101342		6265	Vatne	Haram	
Ingolf Engeset AS	935989183		6265	Vatne	Haram	
Karsten Flem AS	833676342		6293	Longva	Haram	
Veidholmen fisk AS	951787264		6570	Ålesund	Smøla	
Storbukt fiskeindustri AS	961773202	<a href="http://www.capefish.com/about.html">http://www.capefish.com/about.html</a>	9750	Honningsvåg	Nordkapp	
Hermann Export AS	985025274	<a href="http://www.hermannexp.ort.no/">http://www.hermannexp.ort.no/</a>	9690	Havsøya/ Havøysund	Måsøy	
Jangaard export AS	947823930	<a href="http://www.jangaard.no/">http://www.jangaard.no/</a>	6002	Ålesund	Ålesund	
Nergård Senja AS	912118657	<a href="http://nergard.no/">http://nergard.no/</a>	9380	Gryllefjord	Torsken	
Oscar Hoff AS	936703607		6057	Ellingsøy	Ålesund	Inkludert 2009-11. Avdeling under Br. Sperre frå 1.1.2012
Andreas Bjørge Seafood AS	994292587	<a href="http://www.andreas.no/">http://www.andreas.no/</a>	6004		Ålesund	Eig 50% av ABS.
Karlsøybruket AS	893369252		9135	Vannvåg	Karlsøy	Ikkje inkludert i rekneskap til Fjordlaks.
Scanprod AS	983988202				Giske	Ikkje inkludert i rekneskap til Scan Mar AS
Strømsholm Fiskeindustri	930186635		6590	Tustna		Foredling
Nordmøre Fiskeindustri						Inkludert under Jangaard

Tabell A2. Føretak som driv eksport av klippfisk, men ikkje produksjon.

Namn	Orgnr	Heimeside	postnr	Poststad	Heime-kommune	Merknad
Jørgen Heggen AS	912547043	<a href="http://www.olave.no/">http://www.olave.no/</a>	6035	Fiskarstrand	Sula	
H Musæus AS	914437547		6035	Fiskarstrand	Sula	
Sol Bac eksport AS	972410705	<a href="http://www.solbacexport.com/">http://www.solbacexport.com/</a>	6009	Ålesund	<input type="checkbox"/> Ålesund	
Scan Mar AS	950452110		6003	Ålesund	<input type="checkbox"/> Ålesund	
Cod – Export AS	984265700	<a href="http://www.bacalhau.no/">http://www.bacalhau.no/</a>	6002	Ålesund	Ålesund	
Nor Pesca AS	986272380		6006	Ålesund	Ålesund	
West – Norway AS	917313008	<a href="http://bacalanor.com/">http://bacalanor.com/</a>	6002	Ålesund	Ålesund	
Lofotkompaniet	813974142		6057		Kristiansund	Trading

Drevik International AS	974534630	<a href="http://www.drevik.no/">http://www.drevik.no/</a>	6001		Ålesund	Eksport av saltfisk og klippfisk
Carl Johan AS	985057826		6002	Ålesund	Ålesund	

Tabell A3. Arbeidsgjevaravgift for landbruk og fiskeri (2014) i kommunar der det blir produsert og eksportert klipp- og saltfisk.

Kommune	Føretak	Arbeidsgjevaravgift (%)
Ålesund	ABS AS Jacob Bjørge AS Gustav Stokke AS Fjordlaks AS Nils Sperre AS Mathias Bjørge AS AS Møre Codfish Comp Brødrene Sperre AS Ellingsøy klippfisk AS Jangaard export AS Oskar Hoff AS Andreas Bjørge Seafood AS Sol Bac eksport AS Scan Mar AS Cod – export AS Nor Pesca AS West – Norway AS Drevik Unternational AS Carl Johan AS	14,1
Giske	Hans Fauske og sønn AS Olga Godø AS Johan Giskeødegård AS Vigrafisk AS Scanprod AS	14,1
Averøy	Sigurd Folland AS Peder B. Sørvik AS	14,1
Fræna	O. Skarsbø AS	14,1
Sula	Jakob og Johan Dybvik AS Korsneset Klippfisk AS Rafael Dybvik ANS Olav E Fiskerstrand AS Severin Tranvåg AS  Brødr Remø AS Jørgen Heggen AS H Musæus AS	14,1

Kristiansund	Lofotkompaniet AS	14,1
Haram	Gyttestranda fiskeindustri AS Ingolf Engset AS Karsten Flem AS	10,6
Aure	Strømsholm fiskeindustri AS	6,4
Torsken	Nergård Senja AS	5,1
Karlsøy	Karlsøybruket AS	0
Smøla	Veidholmen fisk AS	5,1
Nordkapp	Storbukt fiskeindustri AS	0
Måsøy	Hermann export AS	0

Takk.

Fleire personar har vore til stor hjelp under arbeidet med denne rapporten. Jorulf Straume har gjeve nyttinge opplysningar og gode råd. Jon J. Grimstad i SUROFI og Julian Vangen i Noregs Råfisklag har framskaffa data om leveransar av fisk og gjeve andre opplysningar. Merete Gisvold Sandberg gav gode råd når det gjeld analyse av ringverknader. Brønnøysundregisteret har gjeve vederlagsfri tilgjenge til årsrekneskap.

## REFERANSAR

Asche, A., Bjørndal, T., Bjørndal, M. og Ekerhovd, N.A. (2015). *Fisheries Management in Norway*. Upublisert.

Berner, E., Mjøs, A. og Olving, M. (2014). Rekneskapsboka – dokumentasjon og kvalitetssikring av SNFs og NHHs database med rekneskaps- og føretaksinformasjon for norske bedrifter. SNF arbeidsnotat 9/14.

Bjørndal, T., Ekerhovd, N.A. og Bjørndal, M. (2014). Verdiskaping i klippfisknæringa 2009-11. SNF arbeidsnotat 18/14.

Dahl, R. og Idsø, J. (2014). Ringverknadsanalyse av oppdrettsnæringa i Sogn og Fjordane. HiSF rapport nr 1/2014 (versjon 2 publisert januar 2015).

Henriksen, K., Gisvold Sandberg, M., Olafsen, T., Bull-Berg, H., Johansen, U. og Stokka, A. (2012). Verdiskaping og sysselsetting i norsk sjømatnæring 2010 – en ringvirkningsanalyse. SINTEF Rapport A23089.

Henriksen, K., Gisvold Sandberg, M., Olafsen, T., Bull-Berg, H., Johansen, U. og Stokka, A. (2011). Verdiskaping og sysselsetting i norsk sjømatnæring 2009 – en ringvirkningsanalyse. SINTEF Rapport A19673.

Gisvold Sandberg, M., Henriksen, K., Aspaas, S., Bull-Berg, H. og Johansen (2014). Verdiskaping og sysselsetting i norsk sjømatnæring – en ringvirkningsanalyse med fokus på 2012. SINTEF Rapport A26088.

Olafsen, T., Gisvold Sandberg, M., Henriksen, K., Johansen, U., Bull-Berg, H. og Stokka, A. (2012). Havbruksnæringa i Møre og Romsdal – ei verdiskapingsanalyse. SINTEF Rapport A22785.